Framdrifta kvar salve var fem meter. Det bør vera mogleg å bora frå to eller fleire «stuffar» skal det ikkje bli venting under utlasting. Og ulempene? spør vi. Er lagdelinga i fjeller mykje på skrå kan det verta noko meir med overfjell med liggarboring. I dette fjellet ville det verta overfjell og store renskingsmassar kva sprengningsmetodar som vart brukt.

Suldalsvegen vert dreven med 45 mann fra Vegvesenet og 25 på kontrakt.

### Rv. 13

#### Vindsvik — Nesvik

Dette er eit anlegg på 11 km til ein berekna kostnad på 50 mill. kroner. 5,4 km er grovplanert og desse har til no kosta 14,5 mill. Resten, 5,5 km er kostnadsrekna til 31 mill.

På dette anlegget vart nytta same sprengningsmetode som på Suldalsvegen, og her fekk ein sjå hydraulisk

boringsutstyr i drift, av type Atlas PROMEC TH 474.

Utstyret var sjølvgåande, hadde ingen tilførsleledningar støy og bråk frå maskina var minimalt. Boringskapasitet 5 m på 4 min. med 40 m/m kruna.


Frå utliggaren kunne ein og utføra salvelasting og ei førebels skjæringsrensk.

Sprengningsprisen 1976 var utført for kr. 26,36 pr. m<sup>3</sup> og i 1977 for kr. 35,21 pr. m<sup>3</sup>.

### Dusavik

#### oljeforsyningsbase

Her vart, av omsyn til tida, ikkje teke stopp, men frå bussen gav anleggsjefen ei interessant utgreiding om boring etter olje i Nordsjøen og om alt utstyret og forsyningane som skal til ei slik verksemd. Ynnesdal har som kjendt hatt sitt tidlegare virke i Stat Oil.



### Bybrua i Stavanger

vil gje Buøya fast samband med Stavanger. Brua får ei total lengd på 1100 m, med 185 m hovedspenn og ei fri stigningshøgde på 26 m.

Det er berre eit tårn på 78 m høgde som ber hovedspennet. Kostnaden er 100 millionar kroner. Arbeidet starta 1. juni 1975 og vert ferdig ved årsskiftet.

A/S Betong står som hovedentreprenør for anlegget. Bruanlegget vert finansiert ved bompengar. Rosenberg Mek. verkstad ligg på Byøya og brua vil få mykje å seia for denne verksemden.

### Mekjarvik ferjekai

Dette vert ein ny ferjestad på Rv. 14 Skudenes — Stavanger og ei stor innkorting av dette ferjesambandet.

Ferjestaden ligg verhard til og det har vore naudsynt å byggja ein 550 m ringmolo til vern.

Planen for kai og haldeplassar dekker 20 mål. Sjølve kaianlegget får to pirar, på kvar 70 m i 6 m breid. Det har meldt seg fundamenteringsproblemer etter at arbeidet vart sett igang. Planane måtte omarbeidast frå fjellfundament til fundamentering på hard morene.

Dei totale kostnader vert omlag 21 millionar som vert finansiert ved lån.

### Avsluttande møte

vart halde på Berheim vegsentralt med desse emna, Sprengning og knusing av fjell til overbygging Liggarboring.

Orientering om prosjektgruppa sitt arbeid vedkomande oppsynsmannssituasjonen og om produksjon og leveranse av overbyggingsmateriale.

Emna vart inngåande diskutert. Ein driftsrapport for knuseverk ved Berheim viste ein produksjonspris på



kr. 40,06 pr. m<sup>3</sup> laus masse. Særleg interessant var utgreidinga om trongen for overbyggingsmaterialer i framtida og om dei naturlege ressursar Rogaland kunne rekna med. I Rogaland kan dei naturlege forekomstar av brukbart materiale vara i 30 år. Men det må truleg reknast med auka motstand mot å gjera slike inngrep i natura, vart det sagt.

Knusing av fast fjell vil verta meir aktuelt i framtida. Transportable knuseverk med små riggekostnader vil vera det vegvesenet bør satsa på i framtida.

Diskusjonen konkluderte med at eit samarbeid over fylkesgrensene om slike knuseverk skulle utgreidast i Rogaland.

Til slutt takka anleggssjef Folgerøy Hordalendingane for besøket og anleggssjef Ynnesdal, Rogalendingane for eit framifrå og interessant opplegg.

Alle var samde om at eit nært samarbeid mellom vegkontora vil vera av stor verd når det gjeld å finna fram til betre driftsmetodar i framtida.

**Johan Sørensen**



**Fra redaksjonen i «Vegen og Vi» har vi oversendt nedenforstående brev. Da noen av våre lesere i sin tid vil få tilsendt spørreskjema fra «Vegen og Vi», ber vi om at de er påpasselig å besvare det.**

**Brev fra «Vegen og Vi» til 1950 lesere.**

Vegen og Vi vil på nyåret sende brev til 1950 av sine lesere, fordelt på de forskjellige yrkesgrupper innen Statens Vegvesen. I brevet vil det ligge et spørreskjema som man ønsker at de utvalgte representantene skal svare på. Bakgrunnen for at Vegen og Vi på denne måten ber sine lesere ta pennen fatt, er ønsket om å få et bredere overblikk over hvordan bladet oppfattes innenfor de forskjellige yrkesgrupper.

Hvert svar vil være viktig for verdien av den vurdering som det innsamlede materialet må gjennom. Derfor håper redaksjonen at den enkelte setter seg ned med spørreskjemaet og en blyant når han har fått brevet fra Vegen og Vi i postkassen. Det undersøkelsen skal gi redaksjonen tips om er hvordan bladet betraktes, synspunkter på stofffordelingen (alt for mye stoff fra administrasjonen?), er bladets redaksjonelle linje tilfredsstillende, hvordan er lesevanene hos mottaker etc.

Jo flere svar, jo bedre undersøkelse, og dermed bredere utgangspunkt for å kunne gjøre Vegen og Vi bedre, mener redaksjonen. Den som får tilsendt spørreskjemaet bør derfor yte sitt til dette!



# ORDET FRITT

## ARBEIDSTILHØVA VED VEGKONTORET — MYKJE LØYND MISNØYE?

Under overskrifta «Like muligheter for alle» i ordet fritt i førre nummer, synes eg det kjem til uttrykk noko ein vel må kalla løynd misnøye. Og misnøyet kan ikkje vera lite, når ein tilsett må ty til anonym signatur for å gje uttrykk for synspunkta sine.

Som tilsett på «plansida», skulle vel eg ikkje vera den næraste til å koma med kommentar til «En ansatt ved regnskapsavdelingen».

Men eg har ei kjensle av at dei sakene som vert teke opp i innlegget til «En ansatt», er av den sorten som rammur einskildpersonar, og som den store hopen ikkje får noko kjennskap til. Men er uretten mindre om det er berre nokre få som vert ramma?

Som det vert peika på i innlegget, er det ikkje alltid samsvar mellom teori og praksis. Ein kan jo skjøna at det tek tid å få gjennomført omfattande endringar i eit stivbeint statsapparat, men er det dette saka dreier seg om?

Eg kjenner ikkje til dei konkrete sakene som vel ligg til grunn for innlegget til «En ansatt», men når det gjeld jobbotrasjon eller skifte av arbeids-

område, så har det vore omtala i ymse utgreiingar.

I «Opplæring i Statens Vegvesen — Innstilling fra Opplæringsutvalget, 1974» kan ein s. 115 under pkt. 8.409, Budsjett-, økonomi- og regnskaps-personale m.a. lese fylgjande:

«Det må tas hensyn til dem som ønsker opplæring innen andre arbeidsfelt enn sine egne fordi de har spesielt krevende rutinearbeid, med tanke på en vekselvis fungering innen det ene og det andre arbeidsfeltet. Det enkelte tjenestested har ansvar for å iverksette slike tiltak».

I «Utkast til grunnlag og overordnede mål for Statens Vegvesen, 1976», står det å lesa under personalpolitikk, s. 28—29:

«Etaten vil også drive personalutvikling, og bl.a. ved etterutdanning, jobbotrasjon og andre tiltak legge forholdene til rette for at alle ansatte skal kunne kvalifisere seg til andre oppgaver og utvikle seg i arbeidet. Etaten vil tilstrebe en mest mulig enhetlig behandling av lønns- og arbeidsvilkår...».

Også den nye Arbeidsmiljølova har formuleringar som står opp under det som er referert ovanfor.

Nå kan ein skjøna av innlegget til



## Ordet fritt forts. - - -

«En ansatt», at skoen trykkjer på fleire plassar.

Etter min meining er det viktige sider ved personalpolitikken som vert teke opp i innlegget, og det ville vera rimeleg om vi fekk ein kommentar frå administrasjonen om kva retningslinjer ein fylgjer med omsyn til jobbotrasjon, nye stillingar og deltidarbeid.

**Jan Olav Skogland**

---

### **VEGSENTRALENS ARBEIDSMILJØ I RÅDALEN**

Rådalen kunne ha vore ein god og triveleg arbeidsplass, hadde me bare ikkje vore so nere med steinknuseverket til Bergen Kommune. Me kan vel seia at vegsentralens verksted i Hordaland ligg ganske sentralt til, både med å få deler fort fram over Flesland, eller og koma fort fram over Halhjem med ferjene til Sunnhordland, der me har ein stor del av maskinparken vår.

Men det som er vårt store problem i Rådalen, det er støvet som kjem frå steinknuseverket, spesielt når me har fint ver. Det er so at mange gleder seg til at det skal bli fint ver om vår og sumar. Men me som arbeider i Rådalen kvir oss til det fine veret. Spesielt når me har vind i frå sør eller sørøst, da fyk det fine sandstøvet som ein sky fram for dørane våre. Bilane som står på

parkeringsplassen utenfor verkstedet er heilt overgrodde av støv, so me kan ikkje tenka oss og ha glasrutene ståande opne i solvarmen. Då er bilane full i støv innvendig, så det må vel vera helsefarleg, og ikkje snakka om at det tek skade i lakken. For det fine støvet er ikkje godt å vaska vekk uten at me lager striper i lakken. Det virker omtrent som ein slipemasse når det kjem vatn i lag med.

Vegg i vegg med oss har me fått det nye bosspressanlegget. Det er det ein forferdeleg lukt av, det trekker seg inn over heile verkstedet, og ikkje snakka om flua som samla seg. I sumar var det heilt ufyseleg. Det var svære svermar over alle vindu på kontor og i verksted. Me som er vald til verneombud, skal no sørga for at det skal bli eit triveleg og godt miljø på arbeidsplassen, så spørsmålet er: Er det ikkje mulig å gjera noko med dette, eller skal me plagast med dette fortsatt?

Det har vore diskutert mykje om dette no, og verneleder, ledelse og driftsleder har vore og sett på dette, så dei veit korleis det er. Men det blir bare ikkje gjort noko.

Så har me ein heil sverm fugler som fyker rundt plassen, og bombarderer både folk og biler. Bilane er av og til så tilgriset av fugleskit at det ser følt ut.

Over parkeringsplassen ligg det strødd med boss. Det er boss som detter av bilane som kjører ut i frå denne svære bosspressa. Sist vinter var det ein dag det var snøvær som slo over i regn,



## Ordet fritt forts. - - -

og då vart det mest som ein liten innsjø på plassen. Då flaut det i gamle langebrød og slakteavfall omtrent i porten til verkstedet, og det var ikkje noko fint syn.

Så er det dei som sprenger ut fjell på Bergen Kommune, no er det så at dei varslar med sirena, og dei helt vakt rundt området både for biler og folk. Men når dei sprenger stein som står att i salvene, eller bamsing som det blir kalt, da er det ingen varsko signal eller vakt. Vare-taxien som for tiden kjører for lageret til vegsentralen sto og lesset varer utenfor lagerdøra, som er på baksida av verkstedet, då kom det ein ganske stor stein fykande og traff framhjulet på varetaxien. Den spratt oppunder bilen so det berre small. Men heldigvis den gjorde ikkje skade verken på bil eller folk denne gongen, men hadde nokon fått den i hovudet, so er det ikkje sikkert han hadde vore i live i dag. Steinen blei tatt vare på, og levert inn på kontoret til verksmeister Nordvang, av verneombud Sandvik. Så det er både skade og helsefare og vera i Rådalen. Det er gode merker etter stein, både på tak og oppetter vegger på alle bygninger i Rådalen.

**Verneombudene  
ved Rådal vegsentral**

### **NYBYGGET I FYLLINGSDALEN — FORPROSJEKTET LAGT FRAM**

Forprosjektet for nybygget i Fyllingsdalen vart presentert av prosjekteringsgruppa i slutten av november månad. Det har såleis ikkje vore råd for brukarutvalet å gje ei fullgod omtale av prosjektet til dette nummeret av avisa. Men vi kan lova brei dekning i neste nummer, om det er nokon trøyst.

Som rimeleg er, så har det vore stor interesse hjå dei fleste på kontoret om kva som skjer i byggjesaka. Brukarutvalet har hatt fleire møter, der ein både har drøfta romprogrammet, og korleis areala som vi har fått, kan nyttast på beste måten. Når det gjeld det siste, så har kontakten med arkitekten vore sers god.

I diskusjonen om storleiken på romprogrammet, har brukarutvalet ikkje nådd fram med synspunkta sine. Vi viser då til det som har vore skreve i avisa tidlegare (nr. 2/1977).

Vi vil i den lova omtalen i neste nummer også få vist teikningar.

Den romplanen som nå er lagt fram, har vore justert fleire gonger etter at avdelingane har gjeve sine kommentarar. Ein vil likevel ikkje gjera alle til lags, og vi får vona at bygget vert så fleksibelt at veggane kan flyttast på også etter at bygget er teke i bruk.

For brukarutvalet  
**Jan Olav Skogland**

# Bruk av kran med arbeidskorg

I vegvesenet foregår en del arbeid fra arbeidskorg. Dette kan være mobilkran og lastebilkrans.

Ved bruk av slikt utstyr, er der en del momenter som har stor sikkerhetsmessig betydning. Disse må følges i h.h.t. verneregel nr. 16 og andre retningslinjer utarbeidet av Statens Arbeidstilsyn.

Nedenfor gjengis i sin helhet disse retningslinjer for personbefordring i kran med kurv eller arbeidsplattform. Jeg oppfordrer alle som arbeider med slikt utstyr om å lese disse retningslinjer grundig.

Pål Thorseth

## PERSONBEFORDRING I KRAN MED KURV ELLER ARBEIDSPLATTFORM

1. Kurv eller arbeidsplattform opphengt i kran skal i minst mulig utstrekning brukes for personbefordring, og kun etter at tillatelse er innhentet fra distrikts-sjefen.
2. Slik tillatelse kan gis når en samlet risikomessig vurdering tilseier at personbefordring i og arbeide fra kurv eller arbeidsplattform opphengt i kran er sikrere enn bruk av andre hjelpemidler, f.eks. stiger, ledere og stillaser. Slikt arbeid kan bl.a. være rensking og sikring av fjellskjæringer, montering av takkonstruksjoner og arbeid på veggfasade, silo, skorstein og i sjakt. Det forutsettes i alminnelighet at arbeidet er av kort varighet.
3. I de tillatelser som er nevnt ovenfor, skal det angis for hvilket arbeid og i hvilket tidsrom det gjelder.
4. Personbefordring og arbeid fra kurv må ikke påbegynnes før arbeidslederne har gitt ordre om det.
5. Arbeid fra kurv må bare skje når vindstyrken er lav og værforholdene forøvrig er gunstige.
6. Før kran og kurv tas i bruk, skal de samlet være sertifisert, undersøkt og godkjent av sakkundig person. Kraner som ikke tilfredsstiller kravene i Verne-regel nr. 16, tillates ikke brukt til personbefordring.

7. Kraner med frifall tillates ikke brukt til personbefordring.
8. Kranen skal være utstyrt med sikkerhetskrok slik at avkrokning ikke kan forekomme, eventuelt kan kurven være fast forbundet til bom.
9. Kranens tillatte løfteevne skal reduseres til 50 %.
10. Arbeidskurven eller plattformen skal ha rekkverk med minst 110 cm høyde og minst 10 cm høy fotlist, knelist og dobbelt håndlist. Den ekstra håndlisten skal ligge minst 12 cm utenfor den ordinære håndlisten og sikre mot klemming, jfr. figur. Veggene skal kles med plate eller netting. Store kurver bør ikke ha plater p.g.a. vindfanget. Kurven eller plattformens utside skal være slik at det ikke er risiko for at den huker seg fast. Hvor det kan være fare for gjenstander som faller ned, skal kurven eller plattformen være utstyrt med tak. — For spesielle arbeidsoperasjoner kan andre utførelser av kurv aksepteres. Kurv eller plattform skal være godkjent av sakkyndig person.
11. Kranens førerplass skal være slik plassert at den gir god oversikt over bevegelsen av kurv eller plattform.
12. Når kurven eller plattformen beveges, skal den ansvarlige arbeidsleder overvåke operasjonen, og i fornøden utstrekning dirigere kranfører.
13. Alle heise- og fireoperasjoner med arbeidskurv — plattform, må skje forsiktig med lav hastighet.
15. Kranføreren må ikke forlate sin plass når det er noen i kurven eller plattformen.
16. Det skal foreligge klare instruksjoner for signalisering mellom den som befinner seg i kurv/plattform og kranfører. Det bør helst være telefonforbindelse.
17. Kranføreren skal være erfaren og ha kranførerbevis, kursbevis er ikke tilstrekkelig.
18. Kran og kurv/arbeidsplattform skal hver dag før bruk, inspiseres. Det skal da foretas funksjonsprøving, og andre nødvendige prøver og undersøkelser for å påse at kranen er i tilfredsstillende stand. Kurvens bærende deler og feste til kranens bom eller krok må kontrolleres spesielt.
19. Leverandør og produsents instruksjon for bruk av kranen skal til enhver tid følges.
20. Kranen må stå på stabilt underlag.
21. Det må ikke drives elektrisk sveising fra kurv.
22. Arbeidet med knemater fra kurv tillates ikke i alminnelighet, men kan bli vurdert på grunnlag av uttalelse fra produsent/leverandør av kran.
23. Kurven må utstyres med skilt hvor det opplyses om produsentproduksjonsår, tillatt belastning.



# Endra pensjonsgrunnlag for dei tilsette i vegarbeidsdrifta

Ved Endre Grutle

Eg nemnde i eit tidlegare innlegg at det var venta nye pensjonsgrunnlag for dei tilsette i vegarbeidsdrifta. Eg vil difor no kome attende med ei orientering om desse. Vi har nå fått melding frå Vegdirektoratet om at pensjonsgrunnlaga er endra med verknad fra 1. oktober 1974.

Dette fører med seg at dei fleste arbeidstakarane vil få ein lønsklasse høgare pensjonsgrunnlag. Anleggs- og tunnelarbeidarane får det same pensjonsgrunnlaget som før.

Med verknad fra 1. mai 1975 får brakkekokker, vegvakter, vedlikeholdsarbeider, sjåførar, mekanikarar, snekkarar, malarar, tømmermenn, lagerbetjent med og utan fagbrev, elektrikar med montørsertifikat, verkstadsformann utan fagbrev, mekanikar med serviceoppdrag og arbeidar med spesialoppdrag utan elementærteknisk skole ein lønsklasse høgare pensjonsgrunnlag.

Med verknad frå 1. mai 1976 får samtlige arbeidstakarar i vegarbeidsdrifta, med unntak av tunnelarbeidarane, som pensjonsgrunnlag det løns-trinn vedkomande har iflg. lønsplanen inkl. tenesteansiennitet.

Med unntak av tunnelarbeidar i akkord, kontorassistentar og brakkepersonell, får ein i tillegg trinn 15 på tilleggsregulativet som pensjonsgrunnlag. Maskinførarane får i tillegg til

dette trinn 2 på tilleggsregulativet som pensjonsgrunnlag. Tunnelarbeidarane i akkord får lønstrinn 21 som pensjonsgrunnlag fortsatt.

Dette fører med seg at ein del av dei som har gått av med pensjon etter 1. oktober 1974 vil få høgare pensjon. Vi vil her ved vegkontoret gå igjennom alle søknadene etter denne datoen og sende dei nødvendige opplysningane til pensjonskassa. Det vil difor gå ei tid før den enkelte kan rekna med å få etterbetaling av pensjon.

Etter dei nye reglane vil ein vegarbeidar på vedlikehald med 12 års tenesteansiennitet og 30 års pensjons-gjevande tenestetid pr. 1. okt. 1974 få kr. 44.500,— pr. år. Med verknad frå 1. mai 1975 vil han få 46.463,— pr. år og frå 1. mai 1976 vil pensjonen bli 48.657,— pr. år. Alle desse summene er rekna ut frå den løna som gjeld i dag. For anleggsarbeidarane vert pensjonsgrunnlaget omtrent det same etter 1. mai 1976 som før, det vert ein auke på ca. 100,— kr. pr. år.


Ein mekanikar med fagbrev hadde i pensjon etter dei gamle reglane med full opptening kr. 44.500,— pr. år, dei som slutta i tida 1/10-74 — 30/4-75 får 46.463,— pr. år, dei som slutta i tida 1/5-75 — 30/4-76 får 48.551,— pr. år og dersom ein har slutta etter 1/5-76 vert pensjonen kr. 50.565,— pr. år.

Dersom ein tek den faste lønssum-

men (den som står øverst på løns-  
slippen) og ganger med 66 % og ganger  
det med pensjonsår og deler på tretti vil  
ein koma fram til pensjonssummen pr.  
måned. Dette gjeld for dei som ikkje  
har 30 pensjonsår eller meir. Dei som  
har det, kan berre ta summen og gange  
med 66 % så har ein ca. pensjon pr.  
måned. Når ein fyller 67 år vert denne  
summen litt større på grunn av sam-  
ordninga med folketrygda. Det er ein  
del som har spurt om kor mange timar  
ein må ha for å få full pensjon. Dette  
kan variere ein del på grunn av at  
timetalet på arbeidstida har endra seg.  
Men vi kan vel seia at dei som er i  
arbeid i dag og har vore i fast arbeid

samanhengande til no må nå ca. 67-68  
tusen timar for å få full pensjonstid.  
Ca. 33.000 timar gjev 15 pensjonsår,  
ca. 44.000 timar gjev 20 pensjonsår,  
ca. 56.000 timar gjev 25 pensjonsår.

Det er uråd i ei slik kort orientering å  
gjera full oversikt over alle pensjons-  
grunnlag og reglar. Dersom det er noko  
ein vil ha nærare forklaring på kan De  
ringa eller kontakka meg på annan  
måte. Og som eg nemnde sist, er det  
viktig å vera ute i god tid med pensjons-  
søknadane. Dette gjeld også dei som  
har utvida sjukeløn. Så snart det vert  
klart ein ikkje vert frisk for eit år er  
gått bør ein be om å få tilsendt  
søknadsskjema for invalidepensjon.



«Bottolfsens mareritt»

Fritt etter New Cevil Engineer

# Referat fra vedlikeholdsmøte høsten 1977

Møtested:

SKÅNEVIK HOTELL, SKÅNEVIK

26. — 27. oktober 1977

Vedlikeholdssjef E. Vedeler Lie åpnet møtet. Det ble foretatt en kort presentasjon av deltakerne. Han overlot så ordet til vegmester F. Fransson som holdt den nå tradisjonelle hilsen fra vertsdistriktet. Han orienterte om vegnettet og næringslivet i sitt distrikt, R-9 Etne, og avsluttet med en festlig prolog, hvor han i saga-stil skildret vedlikeholdsfolkernes ankomst til Skånevik.

## **Sprøyting, skog- og krattrydding langs vegene**

Vegmester M. Sørensen holdt et innlegg, der han pekte på de problemer en har med skog og kratt langs vegene. «Store pengesummer blir hvert år brukt for å holde vegetasjonen nede. Dette arbeid har stort sett vært utført manuelt, og krev derfor en ganske stor mannskapsstyrke. Vegvesenet har no leid privateigde skogknusemaskiner. Erfaringene med disse er svært gode, og kostnaden er betraktelig redusert», sa Sørensen bl.a. Han kom inn på problemene med privat hekker og frukttrær, som hindrer sikten og dermed skaper rene trafikkkeller. Han stilte spørsmål om en i vedlikeholdssoppsynet er flinke nok til å samarbeide med grunneierne på dette punkt.

Videre kom han inn på et nytt sprøytemiddel «Roundup» som er tatt i bruk, og virkningen av dette.

Oppsynsmannsass. J. Nordhus kom så med en orientering om den grasetablering som foregår i fylket.

Det knyttet seg endel spørsmål og bemerkninger til disse innlegg.

Når det gjaldt skogknusemaskinen ble det hevdet at effektiviteten av denne i høy grad kom an på føreren.

På grunn av dette synes noen av vegmestrene de hadde fått lite nytte av maskinen.

Hekkplanting må hindres og forsøkt trekkes bort fra vegene, ellers bør en forsøke å komme til en ordning med grunneierne som fjerning av eksisterende frisktshindrende hekker etc.

Angående grasetablering og gjødsling ble det endel diskusjon, for å få et bedre system her ble det sagt at dette arbeid burde settes ut til entreprenør. Dette er blitt gjort i andre fylker med godt resultat.

## **Asfalt- og oljegrusprogrammet sikring av veg- og ståpekanter**

Bakke gikk gjennom oljegrus- og asfaltprogrammet for 1978, som ble utdelt og kommentert.

Han opplyste at i løpet av 1978 vil praktisk talt alle fylkesveger ha faste dekker.

På riksvegene vil ca. 90 % være belagt med svart dekke.

Vegmester Øyre etterlyste Rv. 550 strekningen Herand — Alsvik på programmet. Det ble stilt spørsmål om hva som skal gjøres angående forarbeidet på Rv. 7 over Hardangervidda.



Vedlikeholdssjefen svarte at dette måtte drøftes og taes opp med Vassdragsvesenet.

Når det gjaldt sikring av vegkantene, ble det presisert viktigheten av snarlig oppmerking etter legging av faste dekker.

#### **Budsjettet 1978 ved avd.ing. A. Hegrenæs**

Hegrenæs gikk gjennom forslag til fordeling av vedlikeholdsmidler for riks- og fylkesveger 1978.

Det var ingen spørsmål eller kommentarer til fordelingen. Det ble en kort diskusjon om driftsplanen og om nødvendigheten av denne.

#### **Miljøvern ved verneleder Langedal**

Langedal redegjorde for den nye arbeidsmiljøloven som trådte i kraft 1. juli 1977. Denne loven erstatter arbeiderverblov av 1956. Han presiserte viktigheten av en slik lov, hvilke innvirkning den har på arbeidsplassen, som for den enkelte arbeidstaker.

«Vi vet f.eks. stadig mer om hvordan kjemiske stoffer og materialer virker på oss, øket kunnskap om den langsiktige virkning. Stress og slitasje som skyldes arbeidets utførelse, arbeidsorganisasjon, ledelsesform og styringssystemer kommer stadig mer i søkelyset. Vi må alle gå effektivt inn for å praktisere denne lov, det vil koste penger, men vi vil tjene på det i det lange løp. En må forsøke å analysere miljøet, hvordan en kan gjøre en god jobb», sa verneleder Langedal tilslutt.

Det utspant seg etterpå en tildels heftig debatt. Spørsmålet om den demokratiske gjennomføring av loven ble bl.a. sterkt trukket fram.

#### **Epoke, demonstrasjon**

Overing. Prebensen fra Vegdirektoratet orienterte om plogfester og ploger. Han viste endel skjematiske bilder av de forskjellige plogtyper som er på markedet og omtalte elektrohydrauliske og lufthydrauliske systemer for løfting av plogene.

Det ble endel diskusjon angående fordeler og ulemper med disse systemer.

Volvo Norge demonstrerte en Volvo 621 med forskjellig utstyr.

Fa. Grindvoll v/Andersen demonstrerte strøpparat.

#### **Skilting, oppmerking, trafikk ved overing. Nortvedt**

Nortvedt holdt et innlegg der han la spesiell vekt på viktigheten av en strengere kontroll med trafikkfarlige avkjørsler og riktig skilting.

Han ville og ha et bedre samarbeid med vedlikehold/veg mestre med hensyn til oppsetting av enkle skilt, samt skilting og merking ved anlegg/vedlikeholdsarbeid etc.

Vedlikehold/veg mestre var positivt innstilt til dette, men da måtte en ha flere folk og øket bevilgning.

#### **Anlegg**

Anleggsjef H. Ynnesdal holdt en kort orientering om anleggsavdelingen, og la vekt på et godt samarbeid mellom de forskjellige avdelingene.

Avd. ing. Jensen orienterte om anleggsdriften i 1978, og besvarte spørsmål fra de forskjellige vegmestre.

**Reidun Nordgulen**  
(ref.)

**Gunnar Kråkenes**  
(ref.)

# Arbeidsmiljø utvalget er etablert

Arbeidsmiljøutvalget ved Hordaland vegvesen er etablert og har fått følgende sammensetning:

## REPRESENTANTER

*Fra administrasjonen:*

Driftsjef Olav J. Søfteland  
Administrasjonssjefen  
Overing. Henrik Olsen

## PERSONLIGE VARAMENN

Vegsjef Josef Martinsen  
Øk.saksb. Edgar Aaland  
Overing. Harald Ynnesdal

*Fra organisasjonene:*

Hovedverneombud  
Jens Tveit Aga  
Forskalingsformann  
Hermann Lund  
Oppsynsmann Nils Nonås

Sjåfør Arne Eide  
Formann Klaus Nordli  
Vegmester Johs. Haukanes

Dessuten møter verneleder Bjørn Langedal.

# Teikningar — Vitsar

Dersom det finst nokon som liker å teikne, tar vi meir enn gjerne imot teikningar. Det kan vera morosamme teikningar, vitseteikningar, situasjonsskildringar e.l.

## Til dei som mottek avisa, men ikkje er tilknytta etaten

Det står fritt for alle å skriva i avisa. Særleg vil vi gjerne ha innlegg frå politikarar både på riks- og fylkesplanet, som er med å avgjera kor og kor-tid vegar skal byggjast.

Vi vendar oss også til politi/lensmannsetater og kommunale etater — og ber om innlegg som kan interessera vegfolk.

Når det gjeld vår helsetilstand, ville vi gjerne høyre frå våre bedriftslegar.

*REDAKSJONEN:*

Langedal, Måge

*TIDSFRIST FOR INNSENDING AV STOFF TIL  
NESTE NUMMER:*

20. februar

*ADRESSE:*

«BEDRIFTSAVISEN»  
Hordaland Vegkontor  
C. Sundtsgt. 64  
5011 NORDNES

**MASSEKORSBÅND**



*EN GOD JUL  
OG  
ET GODT  
NYTT ÅR*

